



Sakshandsamar:

Adrian Husabø Bjørseth

E-post: Adrian.Husabo.Bjorseth@sfj.no

Tlf.: 90247175

Vår ref.

Sak nr.: 18/340-63

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Nærøyfjorden Verdsarvpark
c/o Heradshuset Helabrotet 2A

5745 AURLAND

Dato

LEIKANGER, 29.05.2018

Svar - Infrastrukturmidlar i reiselivet - klage på vedtak.

Vi viser til klage på avslag på søknad om tilskot frå infrastrukturmidlane i reiselivet, motteken 25.mai 2018. Denne kom inn innanfor klagefristen, jf forvaltningslova § 29.

Nærøyfjorden Verdsarvpark sökte om kr. 100 000 i tilskot frå infrastrukturmidlane i reiselivet for 2018 til prosjektet «Lysprosjektet» - Vinterattraksjonar i Nærøyfjorden». Tilskotet det vart sökt om skulle gå til prosjektleiing av forprosjektet, samt tekniske installasjonar til dei to planlagde lyspunktta.

Klagar er part i saka og har klagerett, jf forvaltningslova § 28 (1).

Opphaveleg vurdering

Søknaden vart vurdert saman med dei andre søknadane som kom inn i samband med utlysinga av infrastrukturmidlar i reiselivet. Vi fekk 19 søknadar som er vurdert opp mot kriteria i utlysingsteksten og satsingane i verdiskapingsplanen. Vurderingane er også gjort i tråd med våre interne retningsliner for verkemiddelbruk. Samla søknadssum var langt over det som var tilgjengeleg for tildeling, og ein måtte såleis prioritere å støtte dei tiltaka som har størst effekt.

I år la ein særleg vekt på prosjekt som har fått støtte tidligare, dette for å få fullført arbeid. I tråd med utlysingsteksten prioriterte vi også prosjekt som står opp om vandring som aktivitet.

I saksutgreiinga vurderte vi søknaden dykkar slik:

«Det er fleire forhold som talar for prosjektet. Det er eit tiltak som vil kunne auke attraktiviteten til området som reisemål på haust- og vinterstid. På den andre sida er ikkje lyssetjing i seg sjølv nok, her er ein avhengig av å lage gode produkt og rammer rundt. Ein må og ha ein god plan for kven ein skal selje dette til, dette er ikkje belyst i søknaden.»

Prosjektet som er skissert her omfattar ikkje berre ein mogleheitsstudie men og å sette opp to lyspunkt. Eit viktig poeng som talar mot prosjektet er at ein, i ein verdsarvpark, må vere veldig forsiktig med kva faste installasjonar ein sett opp.

Det er ikkje henta inn løyve hjå grunneigar og forvaltningsverneområdestyre for oppsett av lyspunkt. Dette er avgjerande for prosjektet og burde vore gjort før det vert sökt om støtte til faste installasjonar.

Fylkeskommunen synst tanken er spanande og tiltak for å auke attraktiviteten i skuldersesongen er alltid interessante. Fylkeskommunen ser det derimot ikkje som si rolle å gå inn med pengar til eitt slike prosjekt sjølv om eventuelle godkjenningar frå grunneigarar og vernestyrer smakter hadde vore på plass ved søknad.»

Vurdering av klagen

De skriv at bakgrunnen og grunngjevinga for klagen er at søknaden ligg godt innanfor både målsetjingar og rammer for tilskotsordninga. Dette grunngjев de mellom anna med at prosjektet vil: auke verdiskapinga til reiselivsverksemndene i området, auke trafikk i skulder- og vintersesong og at tiltaket vil skape overrulingseffektar for andre reiselivsbedrifter i området. Vi er samd i at prosjektet har fleire gode kvaliteter og at særleg det med potensiale for sesongutviding er interessant.

Det å kvalifisere til ei støtteordning gjev ikkje rett til å få tilskot. Utlysinga av infrastrukturmidlar innan reiselivet fekk i år inn 19 søknader, der samla søknadssum overstig tilgjengelege ramme. At nokre søknadar får avslag (eller redusert løyving) er difor ikkje til å unngå. Ein må vurdere søknadane opp mot kvarandre for å finne dei prosjekta som treff utlysingskriteria best, og som vil ha størst effekt. I utlysninga av midlane for 2018 står det at ein på grunn av reduksjon i tilgjengelege midlar må prioritere prosjekt som har fått støtte tidligare. Det står også at ein vil prioritere søknadar som har merksemd på temaet «Vandring». Vi kan ikkje sjå at prosjektet oppfyller desse kriteria, og prosjektet nådde difor ikkje opp i konkurransen med dei andre søknadane.

Vi meiner at prosjektet er avhengig av ein plan for korleis ein kan skape gode produkt kring lyssetjinga. Ein må tenkje både produktutvikling og marknadsføring for at eitt slikt prosjekt skal verte vellukka. Dette kan vi ikkje sjå er problematisert verken i søknaden eller i klagen.

De skriv i klagen at argumentet om manglande løyve frå grunneigarar er feil. I søknaden skriv de derimot at: «*Verdsarvparken/ prosjektet lyt og hente inn løyve hjå både grunneigarar og forvaltning/verneområdestyre for oppsett av lyspunkta*». Vi meiner at det ikkje er urimelig å tolke dette som at løyve frå grunneigarar ikkje var innhenta på søknadstidspunktet. I saksutgreiinga står det: «*Fylkeskommunen ser det derimot ikkje som si rolle å gå inn med pengar til eitt slikt prosjekt sjølv om eventuelle godkjenningar frå grunneigarar og vernestyremakter hadde vore på plass ved søknad*». Det faktum at løyve frå grunneigarar likevel var innhenta vil difor ikkje ha noko å sei for vår vurdering av søknaden.

Vi vil og nemne at fylkeskommunen i 2018 har tildelt dykk til saman kr. 618 400 over tilskotsordningar som fylkeskommunen forvaltar. Dei prosjekta ein har støtta er: Stien som ferdsselsåre gjennom natur- og kulturarven (kr. 347 000), Kunnskapsinnhenting – Ferdselstelling (kr. 96 400), Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken (kr. 150 000), Vandring og integrering (kr. 15 000) og Familiedag i Aurlandsdalen (kr. 10 000). Vi meiner difor at søker er tilgodesett godt med prosjektmidlar frå fylkeskommunen i år, og at dette vil vere med på å bidra til god aktivitet.

Konklusjon

Vi kan ikkje sjå at klagen har tilført saka nye opplysningar som tilseier at ein bør endre konklusjon. Fylkesdirektøren held difor fast på sitt opphavelige vedtak i saka om avslag på søknaden. Vidare saksgong for denne klagesaka vert behandling i fylkesutvalet som klagenemnd.

Med helsing

Endre Høgalmen
Ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Adrian Husabø Bjørseth
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift